



to

**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Kristin Svidal, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/7850-50

Fylkeskulturprisen 2017

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskulturprisen for 2017 blir tildelt

Vedlegg:

1. Retningslinjer
2. Tidlegare tildelingar
3. Innkomne framlegg

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Dette er den 38. gongen fylkeskommunen skal dele ut fylkeskulturprisen. Gjennom desse åra har 32 enkeltpersonar fått prisen. 15 av dei har fått prisen aleine, medan dei andre har delt prisen med ein annan person/lag/organisasjon. I 2004 delte tre personar prisen. I tillegg er det 15 lag/ organisasjonar som har fått prisen, alt frå kor/grupper til spel, utstillingar, festivalar og organisasjonar.

Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturlivet i fylket.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag eller organisasjonar

- som høyrer heime i fylket.
- som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege.
- som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein vil særleg vere opptekne av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentralt i arbeidet med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Hovudutval for næring og kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. I HNK-sak 57/2017 vart desse oppnemnde til ei innstillingsnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til kulturprisen: Erlend Haugen Herstad, Torbjørn Vereide, Anne K. Lilleaasen. Vara: Jakob André Sandal.

2. Kandidatar og vurderingar

Kulturprisen har vore annonsert i alle avisene i fylket og på internett med 1. november som frist for å komme med grunngjevne framlegg til kandidatar. Det har komme inn 15 framlegg. Fleire av kandidatane har også vore føreslått tidlegare år.

Innstillingsnemnda har hatt to møter. I tillegg til dei 15 innkomne framlegga har nemnda også drøfta kandidatar som har vore føreslått tidlegare.

Etter ei grundig vurdering samla nemnda seg om 3 forslag som vert lagt fram for hovudutvalet som dei mest aktuelle kandidatane i 2017. Nemnda har i si vurdering lagt vekt på engasjement, kvalitet og nyskaping. Hovudutval for næring og kultur gjer endeleg vedtak.

Dei 3 kandidatane innstillingsnemnda fremjar er:

1. Idretten i Sogn og Fjordane v/Sogn og Fjordane idrettskrins

Sogn og Fjordane har 192 idrettslag med 45 000 medlemmar. Det blir drive aktivitet innan 39 ulike særidrettar. Årleg vert det lagt ned 800 årsverk i frivillig arbeid, ein innsats som mellom anna kjem mange barn og unge til gode.

Årleg investerer idretten 40 – 45 millionar kroner i dugnadsarbeid knytt til etablering av idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Dette gjer idretten til ein viktig verdiskapar i fylket. Anlegga som blir etablert er med på å skape gode og attraktive lokalsamfunn.

Sogn og Fjordane idrettskrins er eit felles organ for idretten i Sogn og Fjordane og er sett saman av idrettslag, idrettsråd og særkrinsar tilslutta Norges idrettsforbund.

I handlingsplanen for idretten i Sogn og Fjordane for perioden 2016 – 2020 er «Gode i hop» valt som visjon. Visjonen har vore med på å opne dører for samarbeid med kommunar og andre aktørar i fylket, og ein ser at gjennom samarbeid blir alle sterkare og ein oppnår meir for innbyggjarane i fylket.

Idretten er ein viktig samfunnsutviklar i Sogn og Fjordane.

2. Teaterfestivalen i Fjaler, Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie

Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie flytta til Fjaler i 2008. Sandsund er utdanna regissør, Lie er teaterregissør og dramatikar. I 2013 starta dei teaterfestivalen.

Festivalen har som mål å skape møtepunkt mellom kunsten og bygda på fleire nivå. Under festivalen får ein presentert engasjerande scenekunst av høg kunstnarleg kvalitet. Publikum vert også invitert til debattar, føredrag og andre aktivitetar med utgangspunkt i ulike tema.

Sidan Dale manglar både hotell og kulturhus er det eit stort løft for bygda å få til ein teaterfestivalen på staden. Det blir lagt ned ein stor dugnadsinnsats knytt til teknisk tilrettelegging og organisering av overnatting for aktørar og tilreisande publikum.

Torkil Sandsund og Miriam Prestøy Lie trekkjer i arbeidet med Teaterfestivalen i Fjaler fram viktige samfunnssørsmål og gjer dei aktuelle på nye måtar. Festivalen har vore med på å auka mangfaldet av teateruttrykk i fylket.

3. Kristin Sønnerheim

Kristin Sønnerheim vert kalla «Mor Aurlandsdalen». Ho har stelt og rydda stien gjennom dalen med handemakt i over 50 år.

Sønnerheim starta arbeidet saman med mannen Kåre Sønnerheim (1921-2006), den siste som er fødd på garden Sinjarheim. Engasjementet hans for staden tende også ho. Saman rydda dei stiar, la ut bruer og formidla historia om dalen. Kristin Sønnerheim har også engasjert seg sterkt i å ta vare på gamle gardar og stølshus, og vore talsvinne for å ta vare på kulturverdiane desse bygningane representerer.

Kristin Sønnerheim er no 85 år gammal. Ho er framleis drivkraft i arbeidet med å halde ved like og utvikle Aurlandsdalen som turmål. I 2017 vart ho attvald som leiar i Venner av Aurlandsdalen, ei foreining stifta i 2009 med mål om å fremje interessa for og halde ved like og utvikle dalen.

Kristin Sønnerheim sin innsats har vore avgjerande for å gjere Aurlandsdalen tilgjengeleg for årmenta. Vandrerutene i dalen blir brukt av hundrevis av menneske kvart år.

3. Konklusjon

På bakgrunn av førebuingssarbeidet frå innstillingsnemnda, gjer hovudutval for næring og kultur endeleg vedtak om mottakar(ar) av fylkeskulturprisen 2017. Prisen, diplom og ein sum på 50 000 kr, vert delt ut på fylkestinget 5. desember 2017.